



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Anne Christine Knag, +47 55572067

Vår dato  
05.08.2016  
Dykkar dato

Vår referanse  
2016/9450 461.3  
Dykkar referanse

Nesfossen Smolt AS  
Lindåsvegen 1480  
5956 HUNDEVIN

### Rapport frå inspeksjon 14. juli 2016 Rapportnummer: 2016.037.I.FMHO

#### Til stades ved inspeksjonen:

Frå verksemda:  
Christine Hagenes  
Øyvind Holsen  
Børge Isdal  
Ronald Marøy

Frå Fylkesmannen i Hordaland:  
Anne Christine Knag  
Sissel Storebø

#### Resultat frå inspeksjonen

Denne rapporten omhandlar avvik og merknader frå inspeksjonen. Dersom vi ikkje får melding om faktiske feil i rapporten innan to veker etter at rapporten er motteken, er rapporten endeleg.

Fylkesmannen i Hordaland fant 2 avvik og 2 merknader under inspeksjonen innan følgjande tema:

- krav i utsleppsløyvet
- miljørisikovurderingar
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- handtering av farleg avfall
- handtering av kjemikal og substitusjon av kjemikal

Avvika og merknadene er nærare omtala frå side 4 og utover i rapporten.

Nesfossen Smolt AS må sende ei skriftleg stadfesting innan **1. oktober 2016** på at avvika er retta. Oppfølginga etter inspeksjonen er nærare omtala på side to.

Med helsing

Sissel Storebø  
Senioringeniør

Anne Christine Knag  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ

## 1. Informasjon om verksemda

<b>Namn:</b> Nesfossen Smolt AS	<b>Anleggsnr:</b> 1263.0060.02
<b>Besøksadresse:</b> Lindåsvegen 1480, 5956 Hundvin	
<b>Postadresse:</b> Nesfossen Smolt AS, Lindåsvegen 1480, 5956 Hundvin	
<b>E-post:</b> post@nesfossen.no	<b>Telefon:</b> 56 34 24 00
<b>Kommune:</b> Lindås	<b>Organisasjonsnr.:</b> 995 218 402
<b>Bransjenr. (NACE-kode):</b> 03.211	<b>Eigar (org.nr):</b> 995 218 402
<b>Løyve sist oppdatert:</b> 18.08.2014	<b>Risikoklasse:</b> 3

## 2. Bakgrunnen for inspeksjonen

Inspeksjonen vart gjennomført for å kontrollere om gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova med forskrifter blir overhalde. Inspeksjonen går inn som ein del av ein lokal aksjon på akvakulturanlegga i Hordaland.

Fylgjande hovudtema vart kontrollert:

- miljømål
- miljørisikovurderingar
- resipientgranskingar
- leiinga (driftsleiinga) sitt ansvar for ytre miljø
- drift og førebyggjande vedlikehald av anlegget
- avvikshandtering
- handtering av farleg avfall
- handtering av kjemikal og substitusjon av kjemikal
- krav i utsleppsløyve

## 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda plikter snarast å rette opp avvika som er omtale i denne rapporten. For at Fylkesmannen skal kunne avslutte saka, må de innan 1. oktober 2016 sende ei skriftlig tilbakemelding med dokumentasjon som viser korleis avvik er retta, gjerne med bildedokumentasjon.

### Varsel om tvangsmulkt

Dersom vi ikkje får tilbakemelding med dokumentasjon på at avvika er retta innan 1. oktober 2016, vil Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt, jf. forureiningslova § 73.

Vedtaket vil gå ut på at ei tvangsmulkt må betalast dersom Fylkesmannen ikkje har fått skriftleg stadfesting på at avvika er retta innan fristen.

Ei eventuell tvangsmulkt vil vere på 50 000 kroner.

Verksemda kan kommentere dette varslet. Eventuelle kommentarar må sendast til Fylkesmannen innan to veker etter at denne rapporten er motteken, jf. § forvaltningslova § 16.

#### 4. Kontrollgebyr

Fylkesmannen varsla i e-post 7. juli 2016 at Nesfossen Smolt AS vil få eit gebyr for inspeksjonen, jf. forureiningsforskrifta § 39-6. Verksemda er i løyvet plassert i risikoklasse 3. Dette betyr at de skal betale 12 500 kroner for den gjennomførte inspeksjonen. Faktura blir ettersendt frå Miljødirektoratet.

#### 5. Offentleggjing

Denne rapporten vil vere tilgjengeleg via Miljødirektoratet si nettstad Norske Utslipp på [www.norskeutslipp.no](http://www.norskeutslipp.no), jf. offentleglova.

#### 6. Dokumentunderlag

- forureiningslova
- avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall
- internkontrollforskrifta
- produktkontrollova
- utsleppsløyve til verksemda
- dokumentasjon som verksemda la fram under kontrollen

Informasjon om regelverket finn du på [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) og [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no).

#### Definisjonar

- **Avvik:** brot på krav fastsett i eller i medhald av helse-, miljø- og sikkerheitslovgjevinga (for eksempel brot på krav i forureiningslova, produktkontrollova og forskrifter heimla i desse lovene eller krav og vilkår fastsett i løyve eller dispensasjonar).
- **Merknad:** eit forhold som miljøvernmyndigheitene meiner det er nødvendig å påpeike for å ivareta helse og miljø og som ikkje er omfatta av definisjonen for avvik.

## 7. Avvik

Vi fann følgjande avvik under inspeksjonen:

### **Avvik 1: Verksemda driv ikkje i samsvar med løyvet**

#### **Avvik frå:**

- Utsleppsløyve datert 7. oktober 2005

#### **Kommentarar:**

Fylkesmannen har gitt Nesfossen Smolt AS 2 løyve etter forureiningslova. Løyvet datert 18.08.2014 tillèt ein produksjon på inntil 2 000 tonn biomasse per år, med eit stipulert fôrforbruk på 2 400 tonn per år. Dette løyvet trer i kraft når reinseanlegg er på plass, jf. punkt 3.2.3 i løyvet. Inntil reinseanlegg er installert er det løyve datert 7. oktober 2005 som er gjeldande. Denne tillèt ein produksjon på inntil 216 tonn biomasse, med eit stipulert fôrforbruk på 240 tonn.

#### **Avviket er basert på følgjande observasjonar:**

Det er ikkje installert reinseanlegg på Nesfossen og det er derfor løyvet datert 7. oktober 2005 som er gjeldande for verksemda.

Verksemda oppgjer å ha hatt ein årleg produksjon på 350 tonn dei siste 3-4 åra. Dette er ei overskriding med 62 % av produksjonsramma i gjeldande utsleppsløyve. Med ein antatt gjennomsnittleg fôrfaktor på 1 er også fôrforbruket høgare enn grensa satt i utsleppsløyvet.

### **Avvik 2: Internkontrollen har manglar med omsyn til ytre miljø**

#### **Avvik frå:**

- Internkontrollforskrifta § 5 andre ledd punkt 4, 6 og 7
- Produktkontrolllova § 3a
- Avfallsforskriften kapittel 11
- Utsleppsløyve datert 7. oktober 2005

#### **Kommentarar til regelverket:**

##### *Risikovurdering*

Verksemda må kartlegge og vurdere risiko for forureining for si daglege drift. Risikovurderinga skal omfatte alle aktivitetar som kan føre til forureining. For å kunne vurdere risikoen er det avgjerande at det er sett konkrete kriterium for kva som er akseptabel forureining etter gjeldande regelverk, eigne miljømål og for å sikre ein god tilstand i resipienten.

Skal arbeidet med miljørisiko verta utført slik leiinga ynskjer må det vere skriftlege prosedyrar for det. Slike prosedyrar gjer det også lettare å få alle tilsette med i arbeidet ved at det finst eit felles dokumentgrunnlag for det arbeidet som skal gjerast. Dette er med på å sikra kvaliteten fordi sluttresultatet frå vurderingane er tilgjengelege for alle tilsette.

### *Beredskapsplan*

Ved akutt forureining skal Fylkesmannen varslast så snart som mogleg, jf. punkt 8.2 i løyve datert 7. oktober 2005

### *Substitusjonsplikt*

Verksemda skal risikovurdere sine kjemikalie, inkludert legemidlar og lusemidlar med tanke på substitusjon til meir miljøvenlege/ mindre helseskadelege alternativ. Dei kjemikalia som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvenlege alternativ.

Verksemda skal vurdere miljørisikoen ved alle kjemikaliane dei brukar. Dette er til dømes medisinar, lusemiddel, drivstoff m.v. Det er eit krav i produktkontrolllova om at alle som brukar kjemikalie med miljørisiko skal vurdere om det finst alternative stoff med mindre miljørisiko. Desse alternativa skal veljast dersom det kan gjerast utan urimeleg ulempe eller kostnad. Dei kjemikalia som har høgast risiko bør vurderast for substitusjon oftare enn meir miljøvenlege alternativ.

Substitusjonsplikta ligg hos brukaren av kjemikaliar, og det er difor brukaren/verksemda som må kunne dokumentere at ein har vurdert substitusjon.

### *Rutinar*

Viktige driftsrutinar for drift som kan påverke ytre miljø skal vere dokumentert og inngå i internkontrollen. At dette finst skriftleg sikrar god kontinuitet og opplæring og at operasjonane vert utførde i tråd med leiinga sine mål.

Verksemda skal ha skriftlege rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot fastsatt i eller i medhald av lov eller forskrift. Arbeidsrutinar må vere dokumenterte slik at de kan inngå i internkontrollen.

### Rutinar for substitusjon

Vurderingane for substitusjon skal vere skriftlege.

### Rutinar for farleg avfall

Verksemda skal ha rutinar for handtering av farleg avfall og kjemikal, lagring og deklarerer. Rutinane skal omhandle alle typar avfall som kan oppstå ved anlegget.

### Rutinar for vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr

Verksemda skal kontrollere tilstanden på utsleppsrelatert utstyr, slik at utilsikta spel kan førebyggjast. Rapportar frå tilstandskontrollen skal innehalde konklusjonar og tilråding om tiltak for utbetringar. Tilrådingane skal vere følgt opp med tiltak, ansvarleg for at tiltak vert gjennomførde og fristar for når dei skal vera gjennomførde.

### Rutinar for avvikshandtering

Verksemda må ha rutinar for å avdekke, rette opp og førebygge brot på miljøregelverket. Dette inneber blant anna å ha eit aktivt avvikssystem.

Avviksregistrering er viktig for å hindre gjentaking av feil og manglar. Det er viktig at alt personell i alle ledd har en felles forståing om kva som skal registrerast som avvik.

### **Avviket er basert på følgende observasjonar:**

Nesfossen Smolt AS er med i Salmon Group og nyttar deira internkontrollsystem. Verksemda er godt i gang, men ikkje heilt i mål med overføringa av dokument til nytt system.

#### *Risikovurdering*

Verksemda har ikkje ei skriftleg prosedyre for sitt arbeid med risikovurderingar.

#### *Beredskapsplan*

Verksemda sin beredskapsplan inneheld ikkje at Fylkesmannen skal kontaktast ved akutt forureining.

#### *Substitusjon*

Verksemda hadde mangelfull kjennskap til produktkontrollova og substitusjonsplikta. Det er ikkje gjort substitusjonsvurderingar for substitusjon av kjemikal med omsyn til ytre miljø. Verksemda dokumenterer ikkje gjennomførte erstatningar av kjemikal.

#### *Rutinar*

##### Manglande skriftleg dokumentasjon på substitusjonsvurderingar

Verksemda manglar dokumentert rutine for substitusjon av kjemikal.

##### Mangelfull dokumentasjon på handtering av farleg avfall

Verksemda sin rutine for avfallshandtering og lagring av farleg avfall er mangelfull. Sprayboksar og lysstoffrøyr er mellom anna ikkje inkludert i oversikten over farlig avfall som vert generert i verksemda.

##### Manglefull dokumentasjon på vedlikehald av utsleppsrelatert utstyr

Det er ikkje dokumentert rutine/system for periodisk/førebyggjande vedlikehald av alt utsleppsrelatert utstyr. Dette gjeld for følgjande utstyr: fôringssystem, slamhandteringsutstyr og pumpe.

##### Mangelfull rutine for avvikshandtering

Verksemda har ikkje definert kva eit avvik på ytre miljø er. Til dømes er det registrert 14 avvik på ytre miljø i 2016, men ingen av disse er relatert til utslipp til ytre miljø.

## 8. Merknader

### Merknad 1: Søl i samband med tapping frå dieseltank

**Kommentarar:** Det ble observert søl av diesel under dieseltankane. Verksemda kommenterte at dette var frå tapping. Verksemda hadde ingen form for oppsamling av diesel (bilete 1 og 2).

### Merknad 2: Handtering av farleg avfall er ikkje i samsvar med regelverket

**Kommentarar:**

Alt farleg avfall skal merkst og mellomlagrast på forsvarleg måte, jf. avfallsforskrifta kapittel 11, farleg avfall. Verksemda har ein felles lagercontainer for kjemikal og farleg avfall (bilete 3). Det ble observert at det ikkje var etablert ein eigen plass/oppsamling merka farleg avfall i containeren. Verksemda oppgjer at dei genererer lite farleg avfall, og at det grunna nærleik til avfallsmottak ikkje vert lagra lenge om det skulle oppstå farleg avfall.

## 9. Andre tilhøve

Nesfossen Smolt AS har søkt Lindås kommune om løyve til å utvida anlegget med ytterlegare smoltkar. Verksemda antar at saka vert slutthandsama i kommunestyret i løpet av hausten 2016. Arbeidet med å få på plass nytt reinseanlegg for dei planlagde kara er difor ikkje komme i gong enda.

På eksisterande ureinsa avløp er arbeidet i gong med å montera mekanisk partikkelfilter (bilete 4). Verksemda reknar med å ha dette ferdig montert i løpet av 2016.


Det ble sist gjennomført resipientundersøking i sjøområdene utanfor Nesfossen i 2013. Den viste moderat påverknad av næringssaltar og tilstandsklasse II (=»god») på alle tre stasjonar plassert i overflatelaget i stigande avstand frå verksemda sitt avløp. Det vart målt høgare fosfor enn nitrogenkonsentrasjonar (N:P forholdstal på 7-8), noko som indikerer at Lurefjorden mottar fosforrike tilførsler. I følgje utsleppsløyve datert 18. august 2014 skal det gjennomførast ein ny resipientundersøking i løpet av 2016. Dersom verksemda ønsker utsetting på denne må verksemda ta kontakt med sakshandsamar hjå Fylkesmannen.

Verksemda nyttar om lag 35 litar maursyre til 1000 litar ensilasje (bilete 5), som gjer ein konsentrasjon på 3,5 % maursyre. Vi gjer oppmerksom på ensilasjetankar større enn 2 m<sup>3</sup> tilsett meir enn 2% maursyre er omfatta av tanklagringsforskrifta (kapittel 18 i forureiningsforskrifta). Den ansvarlege for lagringa skal til ein kvar tid kunne dokumentere at krava i kapittel 18 i forureiningsforskrifta er oppfylt.

Under vinterstormane i fjor blåste taket av ein lagar plass for utstyr som ikkje lengre er i bruk. Taket har endå ikkje komme på plass igjen og utstyret vert lagrast utomhus (bilete 6).

## 10. Bilete

*Bilete teke av Fylkesmannen ved tilsynet den 14. juli 2016.*



Bilete 1 og 2: Søl i samband med tapping av diesel.



Bilete 3: Lagringsplass for kjemikal, farleg avfall og utstyr.



Bilete 4: Filter klar til å monterast i nytt reinseanlegg på eksisterande avløp.



Bilete 5: Kvern og tank for ensilasje.



Bilete 6: Utomhus lagring av utstyr som ikkje lengre er i bruk.